



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 24.06.2014  
Vår ref.: 2014/15115-5  
Saksbehandlar: mattorg

## Oppretting av kontaktutval for E39 Aksdal-Bergen -Møte 20 august 2014 kl. 9-00-12.00 i Fylkesbygget

Regjeringa har som kjend lagt opp til at Midtre line over Bjørnafjorden skal leggjast til grunn for framtidig trase for E39 på strekninga Aksdal-Bergen, og at planarbeidet skal skje gjennom ein statleg plan. Etter det eg kjenner til, vil Statens vegvesen starte opp planarbeidet i løpet av hausten 2014.

Eg meiner det er viktig at regionen er proaktiv og samordnar innsatsen for å sikre at prosjektet vert gjennomført i tråd med felles interesser.

På dette grunnlag har eg i fylkesutvalet i Hordaland gjort framlegg om at det vert etablert eit kontaktutval for ny E39 for strekninga Aksdal-Bergen. Viktige oppgåver for eit kontaktutval skal vere å arbeide for at ny E39 vert prioritert i nye rulleringar av NTP med handlingsprogram og i framtidige statsbudsjett. Vidare kan kontaktutvalet nyttast til å fremje interessene til viktige tilknytingar og tilførselsveggar til ny E39, og vere eit forum for å drøfte m.a. planprosess og finansiering av sambandet.

Eg vil invitere sentrale interessentar til møte for å drøfte samordning av våre interesser knytt til ny E39, under dette framlegget om å etablere eit kontaktutval for ny E39 Aksdal-Bergen.

Møtet vert heldt:

**Onsdag 20 august kl. 9.00-12.00 i møterom Vestland, Fylkesbygget, Agnes Mowinchelsgt. 5.**

Eg ber om at påmelding skjer på <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2014/Kontaktutval-for-E39-Aksdal--Bergen/>

Program for møtet vert lagt ut på same nettadresse.

Med helsing

Tom-Christer Nilsen  
Fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*